



### Referat frå elevrådet 15.04.2021

Alle elevane frå 2. – 7. årssteg møtte, tilsaman 12 elevar.

Elevane hadde fått i oppgåve å diskutere med årssteget sitt kva me kan gjere dersom me ser at elevar er i konflikt med kvarandre i friminutta. Elevrådsrepresentantane meldte punkta under.

Når me ser at nokon er i ein konflikt, kan det vere lurt å:

- Hente ein vaksen og seie i frå
- Ver gode rollemodellar sjølve for å unngå å kome i konflikt med andre
- Snakke roleg til dei som er i ein konflikt og be dei puste roleg
- Snakke roleg og fint og ikkje hisse dei meir opp
- Trøyse
- Hjelp med å seie unnskuld etterpå

Elevrådet arbeida så med innspel til kommunen sin samfunnsplan. Dei uttalte seg om kva som skal til for at Øygarden kommune skal bli ein god kommune å vekse opp i for born og unge.

Elevane på mellomsteget melder om at det er litt kringling om fotballmåla på krøllgrasbana. Dei ynskjer ei rullering på bruk av måla. Rektor snakkar med avdelingsleiar på mellomsteget om dette.

Linda Selheim (referent)